

# Førebyggjande arbeid mot radikalisering og valdeleg ekstremisme

Rettleiar

# Innhald

<b>Føremål med rettleiaren .....</b>	<b>1</b>
1. Teieplikt og plikt til å avverje lovbrøt .....	2
2. Kunnskapsgrunnlag .....	2
2.1. Omgrepsforklaringar og definisjonar .....	2
2.2. Teikn på radikaliserings .....	4
3. Praktisk del .....	6
3.1. Førebygging i skulen .....	6
3.2. Førebyggjande tiltak .....	7
3.2.1 Inkluderande lærings- og skulemiljø .....	7
3.2.2 Miljøkoordinator og miljøarbeidarar til inkluderande lågterskel tiltak .....	9
3.2.3 Kunnskap om demokrati og kva som er demokratiske kompetansar .....	10
3.3. Tiltak ved bekymring .....	12
3.3.2. Moglege bekymringsteikn .....	12
3.3.1. Kva gjer eg ved bekymring? .....	13
3.3.2. Den vanskelege samtalen .....	14
3.3.3. Kven kontaktar eg ved bekymring? .....	15
4. Verktøykassa .....	16
4.1. Kompetansehevande ressursar .....	16
4.2. Ressursar .....	16
<b>Tips og tiltak til korleis skape eit trygt og godt klassemiljø .....</b>	<b>18</b>

# Føremål med rettleiaren

Vestland fylkeskommune møter innbyggerane på ulike arenaer og i ulike livssituasjonar. Som forvaltningsorgan og tenesteleverandør har vi eit særleg ansvar for å ivareta innbyggerane. Radikalisering kan skje i ulike samfunnslag, og einskildmenneske kan møte radikaliserande faktorar på ulike arenaer. Føremålet med rettleiaren er å førebyggje radikaliseringsprosessar.

Radikaliseringsprosessar er forstått som prosessar der personar gradvis tek avstand frå demokratiske prinsipp i samfunnet, og i aukande grad aksepterer bruk av trugsmål og vald for å nå politiske, ideologiske og/eller religiøse mål.<sup>1</sup>

Rettleiaren skal vere eit praktisk verktøy for å førebyggje og følgje opp radikaliseringsprosessar. Den er først og fremst retta mot dei vidaregåande skulane i fylket, men vil òg vere relevant for andre. Rettleiaren gir ei kort innføring i radikaliseringsprosessar som tema, og kva teikn og åtferd som er typisk for personar som er sårbare for påverknad. I tillegg går det fram korleis dette kan kome til uttrykk i skulen og kva skulen kan gjere for å imøtekome og handtere slike situasjonar. Samstundes vil rettleiaren dra fram det førebyggjande arbeidet som ein viktig del i å hindre at elevar går inn i ein radikaliseringsprosess.

Rettleiaren vil òg gi ei oversikt over kva ressursar som er tilgjengelege for skulane når det er behov for ytterlegare støtte. Rettleiaren gir konkrete innspel til skulane sitt arbeid med inkluderande skulemiljø, opplæring knytt til overordna læreplan og demokrati og medborgarskap som tverrfaglege tema. Den er difor meint som eit bidrag til å skape førebyggjande læringsmiljø.

*Rettleiaren er utarbeida som eit verktøy. Del 2, [kunnskapsgrunnlag](#), gir ein kort innføring i omgrep og definisjonar. Del 3, [praktisk del](#), gir informasjon og råd om korleis skulen kan gå praktisk fram i det førebyggjande arbeidet, og tiltak ved bekymring. På denne måten kan rettleiaren nyttast ut i frå ulike behov, anten om det er kompetanseheving, å få informasjon om korleis ein går fram i det førebyggjande arbeidet, eller kva ein gjer ved bekymring.*

---

<sup>1</sup> [Hva er radikaliseringsprosessar og voldelig ekstremisme? | Utveier](#)

# 1. Teieplikt og plikt til å avverje lovbrøt

Sjølv om vi primært jobbar med førebygging er det viktig å understreke at plikta til å avverje alvorleg lovbrøt går framfor lovgjevinga om teieplikt. Offentleg tilsette må ta omsyn til lovverket for den enkelte si teneste, til dømes ved deling og lagring av informasjon. Reglar for sensitive personopplysingar kan vere relevante.

Ein person sine politiske og/ eller religiøse oppfatningar er sensitive personopplysingar. Eit samarbeid med andre tenester bør byggje på anonymitet eller eit samtykke.

## Avvergingsplikten (strl. § 139)

*Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som unnlater å anmelde til politiet eller på annen måte å søke å avverge en straffbar handling eller følgene av den, på et tidspunkt da dette fortsatt er mulig og det fremstår som sikkert eller mest sannsynlig at handlingen vil bli eller er begått. Avvergingsplikten gjelder uten hensyn til taushetsplikt.*

## 2. Kunnskapsgrunnlag

### 2.1. Omgrepsforklaringar og definisjonar

Skulen er den **primære førebyggingsarenaen** mot radikaliseringsprosessar. I overordna del i læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020, blir inkluderande læringsmiljø trekt fram som eit grunnleggjande prinsipp for skulen sin praksis.

*Skulen skal utvikle eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane blir oppmuntra og stimulerte til fagleg og sosial utvikling. I arbeidet med å utvikle eit inkluderande og inspirerande læringsmiljø skal mangfaldet anerkjennast som ein ressurs.<sup>2</sup>*

**Demokrati og medborgarskap** som tverrfagleg tema er innført i LK20.

*Skulen skal fremje demokratiske verdiar og haldningar som motvekt mot fordommar og diskriminering. Skulen skal også skape respekt for at menneske er forskjellige, og elevane skal lære å løyse konflikhtar på ein fredeleg måte.<sup>3</sup>*

Handtering av vanskelege tema må vere ein kjernekompetanse hjå lærarar for å bidra i skulen si demokrati- og medborgarskapsopplæring.

<sup>2</sup> [3.1 Et inkluderende læringsmiljø \(udir.no\)](#)

<sup>3</sup> [1.6 Demokrati og medvirkning \(udir.no\)](#)

**Radikalisering**<sup>1</sup> skildrar korleis personar gradvis tek avstand frå demokratiske prinsipp i samfunnet og i aukande grad aksepterer bruk av trugsmål og vald for å nå dei politiske, ideologiske eller religiøse måla sine. Radikalisering kan vere retta mot høgre eller venstresida. Den kan vere styrt av ideologi, politikk eller religion, driven fram av søket etter spenning eller flukt frå kvardagen. Vår innverknad er alltid størst i starten av ein radikaliseringsprosess og når personen er i tvil og kjenner usikkerheit.

Vald som blir utført med ideologiske, religiøse eller politiske mål, vert omskrive som **valdeleg ekstremisme**.

**Radikalisering som fenomen.** Ekstreme uttalar frå ein person i ein radikaliseringsprosess kan vere innanfor rammene for det som er ytringsfridom. Dette er noko som eit demokrati må vere opent for. Det er viktig å skilje mellom radikalisering og det å vere radikal. Det er verkemiddelet, altså viljen til å nytte vald, som er sentral. Politiet kan ikkje gje forbod mot meiningar og ytringar berre fordi dei er kontroversielle. Målsetjinga til politiet er å avgrense risikoen for at radikaliseringa utviklar seg til kriminalitet, og i ytste konsekvens resulterer i valdeleg ekstremisme.

**Av-radikalisering** er ein prosess der fokuset er lausriving frå ekstremistiske synspunkt samstundes som at ein tar avstand frå bruken av vald.

**Nettekstremisme**<sup>4</sup> er radikalisering og valdeleg ekstremisme på internett. Ekstremt innhald på nett og i sosiale media kan setje i gang og intensivere radikaliseringsprosessar. Hatefull retorikk og oppmoding til ekstremistisk vald er synleg på heimesider, i diskusjonsforum, gjennom memes og sosiale media. Nettekstremisme inneber då å fremje ekstreme ideologiar og ytringar på nett som kan råkast av straffelova § 185<sup>5</sup> om diskriminerande og hatefulle ytringar.


**Gamification**<sup>1</sup> er eit konsept der element frå speleverda vert sett inn i kontekstar utanfor spel. Dette inneber å nytte poeng, avatarar, leiartavler og emblem i settingar der det tradisjonelt sett ikkje vil vere naturleg, for å oppmode åtferdsforandring hos brukarar. Eit døme kan vere at applikasjonar retta mot trening brukar poeng og emblem for å motivere brukarane og forbetre presentasjonar. Det er aukande tendensar for at liknande skjer i ekstremistiske miljø for å rekruttere fleire personar til å engasjere seg, samstundes at hatefulle ytringar og vald blir normalisert.

---

<sup>4</sup> [Radikalisering på nett | Utveier](#)

<sup>5</sup> §185 Hatefulle ytringar <https://lovdata.no/lov/2005-05-20-28/§185>

**Utanforskap** eller sosial eksklusjon kan bli forstått som individuelle og strukturelle mekanismar eller barrierar for deltaking på ulike arenaer. Ulikskap i helse, utfordringar med rus, psykiske lidingar, låg deltaking på fritidsaktivitetar, prestasjonspress, ulikskap i økonomi, samt ulike moglegheiter for å følgje utdanningsløp og skaffe seg jobb, er døme på forhold som kan føre til utanforskap.



For å lese meir om dei ulike omgrepa, les på: [Hva er radikaliserings og voldelig ekstremisme? | Utveier](#)

## 2.2. Teikn på radikaliserings

Felles for mange personar som søker seg til ekstremistiske miljø er nettopp opplevingar av utanforskap: å ikkje passe inn eller kjensla av å mislukkast på skule, blant klassekameratar, i arbeidslivet, i lokalmiljøet eller i samfunnet. Dei kan òg oppleve relasjonelle utfordringar med å knytte seg til etablerte sosiale grupper. Fleire har på ulike måtar opplevd å bli krenka i livet, gjennom t.d. mobbing og mishandling, destruktive familieforhold med rusmisbruk og vald, dårleg økonomi, eller arbeidsløyse. Nokon har òg ei kjensle av å bli krenka av samfunnet, at dei blir marginalisert eller diskriminert som individ eller gruppe. Ein eller gjentekne krenkingar kan føre til eit forenkla og generalisert syn på både menneske og religion. I ulike destruktive og udemokratiske miljø vil personane få støtte for dei negative og destruktive kjenslene. Utanforskap kan òg vere eit resultat av krysskulturelle utfordringar der ein kjenner seg fastlåst mellom ulike norm- og verdssystem, og opplever avmakt i forhold til identitetsforhandlingar og tilhøyrslse.

**Dersom vi ser at nokon endrar seg, kan det vekke bekymring.** Dei kan få nye nettverk, nye interesser, endra livsstil, framtoning og nye framtidsplanar. Kva som til ei kvar tid er bekymringsteikn, vil henge saman med straumen i samfunnet og politiske føringar. Fellesnemnaren for kva som bør vekke vår bekymring, er likevel ein tydeleg endring: av miljø, interesser, sosial tilhøyrslse, veremåte og framtoning.

Endringa kan vere ein person sitt forsøk på å handtere eigen sårbarheit. Å kle seg med symbol kan gi den som er marginalisert ei oppleving av å vere beskytta og ein identitet. Ny sosial omgangskrins kan gi personar som kjenner utanforskap ei kjensle av fellesskap og tilhøyrslse.


Endra framtoning kan gi den som opplever lite meistring ei kjensle av å vere trygg i seg sjølv, og ei oppleving av kontroll.<sup>6</sup>

Intensjonar og motivasjon for radikaliserings og ekstremisme er ofte samansett. Det kan botne i eit ønske om å provosere og utfordre for å få merksemd for eigen del eller for ei sak. Det kan vere knytt til eit ønske om å bli sett og finne vener, sosiale nettverk og identitet eller søking etter spaning, status og makt. For andre kan det vere ein del av ein reaksjon på krig, overgrep, undertrykking, fattigdom og marginalisering. For nokre kan det handle om skepsis eller fiendtlege handlingar mot innvandrarar og flyktingar. For andre kan årsakene vere press, motivasjon, påverknad med utgangspunkt i eit transnasjonalt familieliv og nettverk.

Transnasjonal diskriminering er eit fenomen som skule og andre samfunnsaktørar må gå saman om å få kunnskap om og handtere. Lojalitet til og press frå politiske, religiøse eller familiære transnasjonale nettverk hindrar god integrering og kan eskalere i valdelege handlingar.

Radikaliserings føregår i liten grad i skulen, men skulen har moglegheit til å bygge tillit og tilhøyrse til eit samfunn bygd på demokratiske verdiar.

Det finst ingen fasit i førebyggjande arbeid. Motivasjonen kan vere samansett og det kan vere fleire mogleg bekymringsteikn. Under kapittel [3.3.2](#), finn ein nokre døme av bekymringsteikn eller signal som ikkje nødvendigvis er bekymringsfulle i seg sjølv, men samla sett kan vere grunn til bekymring. Lista er ikkje uttømmende.



<sup>6</sup> [Tegn på radikaliserings – radikaliserings og ekstremisme | Utveier](#)

## 3. Praktisk del

### 3.1. Førebygging i skulen

I ei globalisert verd og ein fleirkulturell skule møter elevar og lærarar kvar dag tema som kan skape sterke kjensler, verke splittande og gi oppheta diskusjonar. For å gi plass til alle i ein fleirkulturell skule må vi lære oss å handtere kontroversielle tema, slik at ulike meiningar kan løftast fram og diskutert utan at det fører til stigmatisering og ekskludering.

#### Primærførebygging i skulen<sup>7</sup>

Det primærførebyggande arbeidet i skulen handlar om å lage inkluderande skule- og læringsmiljø som legg til rette for sosial og fagleg meistring for alle. Dette kan gi eit fundament som bidreg til at elevar ikkje søker mot ekstremistiske ideologiar.

God tilpassa opplæring, og særskilt språkopplæring, kan vere med på å jamne ut skilnader og etablere ei oppleving av likeverd og like moglegheiter for alle. Vidare må skulane ha kunnskap om korleis ein både i opplæringa og elles i skulen kan snakke om vanskelege tema, også ekstreme haldningar.


Grunnleggande i forståinga av dette er at alle elevane skal lære om demokrati og medverknad gjennom skulen sin praksis. I dette ligg aktivitetar og haldningar i skulen sitt møte med alle elevar. Dette kan vere dialog, samtalar, elevsamtalar og medverknad i organisering av undervisninga som mål, metodar og vurdering. Samarbeid med heimen er òg viktig for å medverke til dette.

Skulen møter òg andre tema som utfordrar kvar dag, og ofte kan tema vere kontroversielle. Nokre underliggande faktorar som kan medverke til radikaliserings er mellom anna «ei oppleving av å bli trakka på og audmjuka» og «ei oppleving av utanforskap og marginalisering». Difor er det viktig at det er rom for å drøfte vanskelege tema, og at elevar i trygge rammer kan stille spørsmål utan å føle seg marginalisert.

---

<sup>7</sup> [Skolens bidrag til forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme \(utdanningsforskning.no\)](https://www.utdanningsforskning.no)





Figur 1: Primærførebygging

## 3.2. Førebyggande tiltak

Korleis jobbe med ein praksis som kan førebygge ekstreme haldningar?

### 3.2.1 Inkluderande lærings- og skulemiljø

Elevane kjem til skulen med ulike sosio-økonomisk bakgrunn, etnisk og fagleg bakgrunn. Skulen må planlegge for organisering av opplæringa og andre elevretta miljøtiltak slik at ein tek omsyn til dette. Dette tyder ikkje eit spesialisert individuelt tilbod for alle, men at skulen ikkje må organisere slik at nokon systematisk opplever utanforskap. Dette kan t.d. vere at elevar ikkje kan delta på sosiale aktivitetar på skulen grunna språklege-, sosio-økonomiske- eller religiøse omsyn.

Inkluderande skule- og læringsmiljø legg til rette for størst mogleg sosial og fagleg meistring for alle. Her snakkar vi om tilpassa opplæring og inkluderande sosial klasse- og skulemiljø. Dette er grunnlaget i førebygginga av utanforskap. Det er viktig at elevar vert sett og opplever at dei er inkludert, uavhengig av etnisitet og bakgrunn.

**Inkludering.** Skulen skal utvikle eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane blir oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling. I arbeidet med å utvikle eit inkluderande og inspirerande læringsmiljø skal mangfaldet anerkjennast som ein ressurs.

Ein «vid tilnærming» til inkludering inneber å utvikle eit kollektivt skule- og læringsmiljø som gir rom for at alle kan bli med i fellesskapet og bli ekte deltakarar – med utgangspunkt i kvar sine evner og faglege, sosiale, språklege og kulturelle utgangspunkt.

**Trygt og godt skulemiljø.** Alle tilsette ved skulen har plikt til å følgje med om elevar på skulen har det trygt og godt. Denne plikta er kontinuerleg og skal gjere det lettare å fange opp mistanke om og få kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det skal følgjast særleg med på elevar som er særskilt sårbare. Forhold som kan gjere ein elev særskilt sårbar kan vere knytt til eleven sin religion, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, funksjonsevne, at eleven har åtferdsvanskar eller forhold ved eleven sin familie- og heimesituasjon. At ein elev tidlegare har vore utsett for krenkingar kan også gjere ein elev særskilt sårbar. Vi må vere budde på at krig og konflikt i verda kan medføre oppheta debattar og hatefulle og generaliserande karakteristikkar på begge sider av konflikten, som kan føre til at elevar opplever at læringsmiljøet ikkje er trygt og godt. Aktivitetsplikta til skulen inneber at alle tilsette skal følgje med, gripe inn og varsle om dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

**Bygg relasjonar til elevane.** Relasjonskompetanse blir definert som dugleikar, evner, kunnskap og haldningar som etablerer, utviklar og legg til rette for å vedlikehalde og reparere relasjonar mellom menneske. Gode relasjonar mellom læraren og elevane er ein viktig faktor både for korleis elevane fungerer sosialt, og for læring i skulen.

### 3.2.2. Miljøkoordinator og miljøarbeidarar til inkluderande lågterskel tiltak

Vestland fylkeskommune har prioritert å tilsette miljø-koordinator og ulike miljøretta stillingar. Tilsette i desse stillingane kan både nyttast til skulemiljøtiltak retta mot heile skulen, til arbeid med særskilte grupper eller til oppfølging av einskildelevar.

**Ha gode dialogar med elevane.** Det kan vere med å førebyggje polarisering, fordommar og hat når konflikt er temaet. Med god dialog er ein verkeleg villig til å lytte til andre, respektere andre og behandle dei som likeverdige. Dialog er eit viktig element i demokratisk kultur.

*“Å lære seg å gå i dialog med, og respektere mennesker som har andre verdier enn en selv, står sentralt i den demokratiske prosessen. Den er nødvendig for å beskytte og styrke demokratiet og fremme en kultur tuftet på menneskerettigheter».<sup>8</sup>*

I forskrift til opplæringslova står det mellom anna at “Elevar, lærlingar, lærekandidatar og praksisbrevkandidatar har òg rett til jamleg dialog med kontaktlærer eller instruktør om sosial utvikling og anna utvikling.”

Og vidare i føremålsparagrafen (opplæringslova §1-1) at: Skulen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Kontaktlærer sine samtalar med eleven om anna utvikling kan hente tema frå føremålsparagrafen, og kan såleis innehalde refleksjonar om tema som t.d.:

- respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.
- kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.
- tenkje kritisk
- medansvar og rett til medverknad.


---

<sup>8</sup> [1680748448 \(coe.int\)](https://www.coe.int/t/0900401680748448): Å undervise i kontroversielle tema – Europarådet


### 3.2.3. Kunnskap om demokrati og kva som er demokratiske kompetansar

Skulen må legge til rette for at lærarane på skulen drøfter kva demokrati og demokratiske kompetansar er og kan være i skulesamfunnet og i faga. Dette kan gjerast både gjennom organiseringa av opplæringa og korleis vi snakkar saman, særleg om vanskelege og kontroversielle tema.

Nedanfor finn du nokre utvalde ressursar som kan nyttast til kompetanseheving:



Mange elevar assosierer demokrati med det politiske systemet vi har i Noreg og korleis ein kan lære elevane om deltaking i dette. I skulesamfunnet vil deltaking i det politiske systemet vere eit av mange mål med demokratiopplæringa i skulen. I skulen vil demokratiske verdiar, haldningar, ferdigheiter og kunnskapar vere noko som grip inn i korleis vi er, og har det, saman med kvarandre i skulesamfunnet.



Figur 2: Europarådet -kjernekompetansar i demokrati og undervisning om demokrati.

Det må leggest til rette for at lærarane får kunnskap og ferdigheiter til å leie læringsarbeidet og klassesamtalen og medvete kva rolle ein skal ta i møte med elevane.<sup>9</sup> Dei må få høve til å reflektere saman over kva dei sjølve meiner om kontroversielle tema og kvifor?

*For meir materiell til eit slik arbeid, sjå under fotnote 9.*

Læraren kan ta rolla som: open engasjert, nøytral ordstyrar, balansert, alliert eller som djvelens advokat. Alle desse momenta har både fordelar og ulemper og vil eigne seg i ulike situasjonar.<sup>10</sup>

*Sjå fotnote 10 for utdjupande materiell.*

## Handtering av hatprat og ytringsfridom

Hatprat eller hatytringar vert definert som: «ytringer som kan spres eller oppfordrer til hat mot en person på bakgrunn av gruppen de tilhører».<sup>11</sup>

Det må leggest til rette for at lærarar kan reflektere i lag kring omgrepet hatprat og omgrepet og verdien ytringsfridom. Dette kan vere med på å skape ei felles forståing for kva ein skal gjere, og korleis ein kan gjere det.

*Å møtes på tvers av synspunktet, ideologier, opplevelser og verdier kan være krevende, men det er et grunnleggende møte i et fritt og demokratisk samfunn.*<sup>12</sup>

*Materiell om korleis du kan jobbe med denne problemstillinga saman med elevane finn du under fotnote 12.*

## Handtering av kontroversielle tema i undervisninga og i skolemiljøet.

Døme på tema kan vere: abort, vindkraft, oljeutvinning, kjernekraft, vaksiner, Israel/Palestina, kjønn, bruk av religiøse hovudplagg, sexkjøpsloven, investeringar i våpenindustrien, seksuell legning, barnemishandling, incest, pedofili, vegansk diett, rasisme, høgreekstremisme, venstreradikal ekstremisme, USA, Russland, Kina, overvaking, flyktningar sine rettar i Noreg.<sup>13</sup>

<sup>9</sup> [Den lille, store demokratihåndboka - wergelandsenteret.no](http://Den lille, store demokratihåndboka - wergelandsenteret.no)

<sup>10</sup> [Living with Controversy - Teaching Controversial Issues Through Education for Democratic Citizenship and Human Rights \(EDC/HRE\) - The European Wergeland Centre \(theewc.org\)](http://Living with Controversy - Teaching Controversial Issues Through Education for Democratic Citizenship and Human Rights (EDC/HRE) - The European Wergeland Centre (theewc.org))

<sup>11</sup> [Ikke greit Hva er hatprat og hva kan du gjøre med det.pdf \(bufdir.no\)](http://Ikke_greit_Hva_er_hatprat_og_hva_kan_du_gjore_med_det.pdf)

<sup>12</sup> [193-20210427210531482015.pdf \(frittord.no\)](http://193-20210427210531482015.pdf): Ungdommens ytringsfrihetsråd

<sup>13</sup> [Den lille, store demokratihåndboka - wergelandsenteret.no](http://Den lille, store demokratihåndboka - wergelandsenteret.no)

## 3.3. Tiltak ved bekymring


Å førebyggje radikalisering er mykje det same som å førebyggje fråfall i skulen, rusproblematikk og kriminalitet. Det handlar om å gripe inn tidleg og med samordna innsats for å hindre at unge menneske fell utanfor på ulike måtar. Ein kan setje i verk både tiltak i undervisninga og knytt til einsskildelavar.

Er du bekymra for at ein person står i fare for å bli radikalisert? Då kan du sjå under korleis ein kan gå fram.

### 3.3.2. Moglege bekymringsteikn<sup>14</sup>

#### Ekstreme ytringar og hatretorikk

Når nokon uttrykker seg hatefullt og nedsettjande om andre menneske basert på hudfarge, etnisitet eller religion, vert det sett på som ekstreme ytringar og hatretorikk. Korleis slike meiningar vert uttrykt varierer. Nokon er vage og kommuniserer berre til ei avgrensa gruppe, andre «kringkastar» sine meiningar høglytt til omgjevnadene. Hatretorikk kan bli maskert bak humor og «memes», bli uttrykt i lukka digitale rom eller bli publisert opent på nett eller i det offentlege rom.



Bekymringsfulle utsegn kan vere:

*«Dei øydelegg samfunnet, snyltar og bør flytta heim der dei kom i frå; Dei overtek verda og vi må beskytte oss.»*

#### Legitimering av vald for å nå politiske, religiøse eller ideologiske mål

Nokre kjenneteikn for dette er når nokon gir uttrykk for eller støttar aktivt andre i at vald er akseptabelt eller legitimt og nødvendig for at ein riktig endring skal skje. Passiv eller aktiv deltaking på arenaer der provaldelege haldingar vert akseptert og applaudert. Dei oppfordrar til at andre skal utøve ekstremistisk vald og kommuniserer sitt standpunkt verbalt, skriftleg eller i digitale forum. Bekymringsfulle utsegn kan vere:

<sup>14</sup> [Tegn på radikalisering – radikaliserings og ekstremisme | Utveier](#)

*«Dei fortener å døy; Vi må ha ein sterk stat som slår hardt ned; Endring kan berre skje gjennom makt, vald eller væpna revolusjon.»*

### **Utsjånad og symbolbruk**

Slike endringar kan vere å bruke klesplagg, symbol, klesstil og/ eller effektar som viser tilhøyrse eller støtte til ei ekstrem gruppe eller rørsle. Dei ønskjer å signalisere tilhøyrse gjennom bruk av velkjend symbolikk. Andre uttrykker seg meir diskre og i skjul, og brukar symbolikk som er mindre openberr, som kodar og tekstfragment.

### **Endringar i sosialt nettverk og omgangskrins**

Alle former for endringar bør vekke vår bekymring. Å ta avstand til tidlegare sosiale relasjonar eller familie, og søke mot eller deltaking i ny omgangskrins og framtidsplanar, kan vere bekymringsfullt. Sjølv om den nye gruppa ikkje er uttalt ekstrem, kan endringa vere eit resultat av ein eller fleire sårbarheitsfaktorar. Deltaking i ei lukka gruppe hindrar innsyn og avgrensar refleksjon og korreksjon.

## **3.3.1. Kva gjer eg ved bekymring?**

Som lærar i vidaregåande skule er du viktigare enn du trur for ungdommen du møter i din arbeidskvardag. Du kjem tett på elevane og deira liv, og observerer og høyrer om ting som kan gjere deg bekymra. Det kan dreie seg om endra åtferd, endra utsjånad, hatefulle ytringar, endra omgangskrins eller uttale om mistillit til myndigheiter og institusjonar, eller ein kombinasjon av fleire. Som lærar er du ein posisjon kor du ser ungdommen i det daglege, og du vil ofte vere ein av dei fyrste vaksne som ser at ungdommen strever med utanforskap og kan såleis vere sårbar for å verte radikaliserert. Førebygging av radikalisering kan gjerast enklare dersom det vert oppdaga tidleg, og tiltak vert sett i verk i skulen og i ungdommen sin kvardag.

Elevane er i ein lærings- og dannelsingsprosess, og læraren er viktig i denne. Læraren sine oppgåver er å lage inkluderande læringsmiljø for alle elevar og såleis både ha og gi tillit. Det er dette som er læraren sin kjernekompetanse. Når læraren eller andre får ei bekymring er dette oftast innanfor område som trivsel, prestasjonar, endre sosiale tilhøyrse, forholda heime osv. Dette er tema som alle kontaktlærar snakkar med alle elevar om regelmessig.

Dersom du er bekymra, drøft saka med rektor, og vurder kva tiltak som skal setjast i gang. Avklar om det er nødvendig å søke råd i ressursteam, eller hjå andre relevante aktørar. Ved konkrete tilfelle av bekymringsfull åtferd, ta kontakt med lokalt politi. I denne delen av rettleiaren er det samla tips og råd om kva du kan gjere dersom du er bekymra for ein elev.

### 3.3.2. Den vanskelege samtalen – undersøke bekymring

Vår viktigaste kjelde til informasjon er eleven sjølv. Det kan vere utfordrande å finne tid til å ta ein samtale med eleven og kanskje vegrar du deg fordi du er usikker på korleis du skal ta imot det eleven kjem til å seie.

Samtalen bør dreie seg om korleis eleven har det på skulen, fritid, heime. Er det endringar og bekymringar ein bør merkje seg? Samtalen bør såleis ta utgangspunkt i det læraren i utgangspunktet er oppteken av.

Hovudregelen er likevel at den som har best kjennskap og relasjon til eleven, bør gjennomføre ein slik samtale. Hugs at du alltid kan søke støtte til dømes hjå leiinga på skulen, helsesjukepleiar, IMDI sine mangfaldsrådgjevarar, kollega, ressursteam på skulen, RLT, politikontakt, BUP eller andre. Nokon gonger er det lurt at nokon av desse er med inn i samtalen.



#### Handtering av eigen usikkerheit

I møte med radikale og ekstreme meiningar og budskap om vald som verkemiddel kan vi lett bli usikre. Det kan føre til at vi unngår temaet eller omtalar det overflatisk. Dette vert omskrive som «berøringsangst», og den kan svekka vår kraft til å påverke og moglegheit til endring. Ofte kan ein då «gløyme» kor mykje av det vi eigentleg kan, som handlar om kor viktig det er å lytte godt til det personen seier. Vi kan snakke for mykje sjølve, stille for mange spørsmål, og ikkje bruke nok tid på å bygge relasjon og skape kontakt. Vi kan bli stressa og gløyme å vere interessert i kven personen er og har å seie.

Du er det viktigaste verktøyet i eit endringsarbeid. Effekten av ein aktivitet eller samtale avheng av din evne til å vere trygg og regulert. Stress eller uro kan ofte oppstå dersom møtet ikkje går slik ein planlegg. Stresset vil ofte påverke din evne til å vere til stades, lytte og hjelpe. Du blir meir oppteken av kva du skal gjere, enn måten du gjer det på. Ønskje om løysingar, raske endringar eller det forløyssande spørsmålet kan avgrense vår evne til å vere til stades i samtalen. Gode førebuingar er viktig for å handtere eigen usikkerheit.

For å lese meir om korleis ein kan legge til rette for ein god samtale, sjå link: [Slik snakker du med radikalisererte | Utveier](#)



## I etterkant av samtalen

- Kva er rutinen på din skule, og kven kan du spørje for å få bistand?
- Finn støttepersonar som kan hjelpe eleven.
- Drøft anonymt dersom du er usikker på om din plikt til å handle er uløyst.
- Vurder om varslingsplikta til politiet gjeld jf. avvergingsplikta §139 i straffelova.

### 3.3.3. Kven kontaktar eg ved bekymring?

Skulane må legge til rette for at tilsette er trygge på kva dei skal gjere dersom dei opplever å vere bekymra for elevar. Det er viktig å arbeide med tidleg og førebyggjande innsats. Bruk gjerne ressursteam og andre naturlege samarbeidspunkt til å diskutere kva førebyggjande tiltak som kan setjast i verk.

#### Tiltak og ressursar i Vestland fylke

Hjelpetiltak	Kontaktinformasjon	Informasjon
IMDi – mangfaldsrådgjevarar	<b>Bergen Katedralskule:</b> 413 75 203 <b>Fyllingsdalen vgs.:</b> 954 59 679 <b>Årstad vgs.:</b> 412 05 578 <b>Åsane vgs:</b> 456 19 344	Mangfaldsrådgjevarane har spisskompetanse på problemstillingar knytt til negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, og samarbeider tett med skulen si elevteneste.
Rettleiingstenesta	<a href="#">Rettleiingstenesta - Vestland fylkeskommune</a>	Elevar, lærlingar, lære kandidat, ungdom og vaksne, kan få hjelp frå Rettleiingstenesta og få tilgang til aktuelle fagtenester.
RVTS Vest	<a href="mailto:rvts@helse-bergen.no">rvts@helse-bergen.no</a>	RVTS har ansvar for kompetanseutvikling innan førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i sine regionar. RVTS Vest gir rettleiing og ein kan ta kontakt ved bekymring.
Radikaliseringkontakt i Vest Politidistrikt	<a href="mailto:Post.vest@politiet.no">Post.vest@politiet.no</a>	Dette er Vest politidistrikt sin felles e-postadresse. Skriv så tydeleg som mogleg i e-posten at det dreier seg om bekymring for radikaliserings.
Tips og bekymringar til politiet	<a href="#">Tips politiet – Politiet.no</a>	Ein kan melde inn bekymringar via politiet.no. Det vil framstå som at det er berre tips knytt til radikaliserings på nett som gjeld, men òg andre bekymringar kan meldast inn.
Alarmtelefon for born og unge	166 111	Er ei gratis teneste for born og unge som er utsett for vald, overgrep og

		omsorgssvikt. Vaksne med bekymringar for born kan òg ta kontakt.
Politiet	02800	Ved akutte tilfelle, ta kontakt på 112
Politiets sikkerhetsteneste (PST)	233 05 000	

## 4. Verktøykassa

### 4.1. Kompetansehevande ressursar


Skulane i VLFK kan nytte både nettressursar og eksterne fagmiljø til kompetanseheving innan desse områda som ligg sentralt i skulen sitt oppdrag innan demokrati og medborgarskapsopplæring

### 4.2. Ressursar

Tiltak og ressursar i Vestland fylke

Hjelpetiltak	Kontaktinformasjon/ lenke
Tips og tiltak til korleis skape eit trygt og godt klassemiljø	Sjå vedlegg 1
Tankevirus-kurs	<a href="https://tankevirus.no/">https://tankevirus.no/</a>

Nettressursar


Ressurs	Skildring	Kontaktinformasjon/ lenke
	<p>Dembra tilbyr rettleiing, kurs og nettbaserte ressursar for førebygging av ulike former for gruppefiendlegheit, som fordommar, framandfrykt, rasisme, antisemittisme og ekstremisme.</p> <p>Det er òg mogleg å bli en såkalla Dembra skule. Enten samlingsbasert eller nettbasert.</p> <p>Det ligg konkrete varierte oppgåver på nettsidene deira.</p>	<p><b><u>Radikalisering og voldelig ekstremisme   Dembra</u></b></p>

	<p>Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS Vest) er ein samarbeidspartnar for tenestene i region vest innanfor:</p> <p>sjølvmoordsførebygging; flyktninghelse og tvungen migrasjon; vald og seksuelle overgrep; krise og psykososial beredskap.</p>	<p><a href="https://www.rvtsvest.no">Forside - Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (rvtsvest.no)</a></p>
	<p>Utveier.no er for alle som søker kunnskap om førebygging og handtering av radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Her finn du ressursar til arbeidet.</p>	<p><a href="https://utveier.no">Forebygging av ekstremisme og radikaliserings   Utveier</a></p>
	<p>Norsk institutt for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme</p>	<p><a href="https://www.plattform.no/">https://www.plattform.no/</a></p>
	<p>Eigen rettleiar for exit – arbeid.</p> <p><a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/96b0668f2d17474bbeb3bde7e6842730/veileder-for-exit-arbeid-endelig.pdf">https://www.regjeringen.no/contentassets/96b0668f2d17474bbeb3bde7e6842730/veileder-for-exit-arbeid-endelig.pdf</a></p>	<p><a href="https://www.regjeringen.no/no/sub/radikaliserings/id2001759/">https://www.regjeringen.no/no/sub/radikaliserings/id2001759/</a></p>

## Tips og tiltak til korleis skape eit trygt og godt klassemiljø

(vedlegg 1)

- Ver ein tydeleg klasseleiar. Ver tydeleg og open om kva du forventar av elevane, og kva dei kan forvente av deg.
- Vis at du har tydelege (faglege) forventningar til elevane, men ha eit opent sinn og hugs at ditt fag ikkje er det einaste faget dei har.
- God variasjon i timane og elevaktive aktivitetar kan bidra til å styrke relasjonar.
- Opne opp for at ein kan snakke saman om korleis undervisninga skal vere, kva ein synest er spennande med faget, korleis ein likar å jobbe, kva vurderingsform ein ynskjer. Dette kan diskuteras i heil klasse eller i grupper, men bør også gjerast jamleg skriftleg og anonymt.
- Ved å gje elevane ein invitasjon til å medverke i korleis dei ynskjer å arbeide med faget, opplever elevane seg sett og høyrte. Elevane sin læring må vere i fokus.
- Det er viktig for elevane at du viser at du har tru på dei. Elevane treng oppgåver og utfordringar som dei meistrar. Meistring kan gje auka motivasjon, glede for faget og ønske om å lære meir.
- Elevsamtalene er ein fin anledning til å snakke med elevane om korleis dei har det, både i ditt fag, på skulen som heilskap og elles i livet. Her kan du og legge til rette for individuelle tilpassingar viss elevane treng det.
- For alle elevar, men spesielt for dei elevane som er veldig stressa og «pressa», er det viktig å løfte fokuset frå prestasjon og karakterar til arbeid og utvikling undervegs. Karakterdempa undervisning kan bidra til å fjerne noko stress og press.
- Lag gjerne eigne mål for eleven, saman med eleven.
- Klassen bør lage gode klassereglar for korleis dei ønsker å oppføre seg mot kvarandre. Dette arbeidet må læraren ta ansvar for at blir gjennomført, og hjelpe elevane med påminning og etterleving.
- Bruk tid på å organisere plassering av elevane i klasserommet slik at elevane kjenner seg trygge, men og har god arbeidsro.
- Bruk moglegheitene til å ta med elevane ut og få til læring utanfor klasserommet. Bruk tid på å bli kjende med elevane og klassen gjennom ulike aktivitetar - ha det gøy saman.



[vestlandfylke.no](http://vestlandfylke.no)